



Sak nr 12/2011

Møtedato: 16.3.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## **Delegering av fullmakt, økonomi**

Økonomiske disposisjonar har fjellstyret ikkje vedteke reglar for eller ført opp i instruks til dagleg leiar.

I praksis har dette fungert slik at dagleg leiar har gjort disposisjonar til dagleg drift og ved større investeringar og tildeling av tilskot har fjellstyret gjort vedtak.

Ved signering av avtaler som forpliktar fjellstyret økonomisk, endring av bank eller liknande, blir det kravd underskrift av alle i styret. Dette er ikkje særleg praktisk ordning og Valdres kommunerevisjon tilrår at dagleg leiar og styreleiar får prokurafullmakt saman. Prokura skal innrapporterast på eige skjema til Einingsregisteret i Brønnøysund.

## **Vedtak**

Fjellstyret vedtek å gi prokurafullmakt i fellesskap til dagleg leiar og styreleiar. Dagleg leiar har fullmakt til økonomiske disposisjonar for dagleg drift. Tildeling av tilskot og større investeringar skal behandlast og godkjennast av fjellstyret.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.3.11

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Valdres kommunerevisjon